

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 24.04.2017
SAKSHANDSAMAR: Charlotta Schaefer
SAKA GJELD: **Ny representant til regionalt brukarutval i Helse Vest 2017-2019**

ARKIVSAK: 2017/60
STYRESAK: **052/17**

STYREMØTE: **11.05.2017**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest oppnemner Karl Olaf Sundfør, frå brukarorganisasjonen RIO, som nytt medlem av regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2017- 2019.

Oppsummering

Nye medlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest blei oppnemnt av styret i Helse Vest den 2. november 2017. Den representanten som først blei peikt ut frå RIO (Rusmisbrukernes Interesseorganisasjon) har grunna sjukemelding ikkje kunne deltatt på nokon av RBU sine møter 2017. RIO har no peikt ut eit nytt medlem, Karl Olaf Sundfør, til å representere RIO i det regionale brukarutvala i funksjonsperioden 2017-2019. Karl Olaf Sundfør deltok på møte i det regionale brukarutvalet den 27. mars og er motivert til å tre inn som fast medlem av regionalt brukarutval i Helse Vest.

Fakta

Nye medlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest RHF blei oppnemnt av styret i Helse Vest 2. november 2017 (styresak 12016) for funksjonsperioden 1. januar 2017- 1. januar 2019.

For funksjonsperioden blei Anders Sundbotten frå Bergen oppnemnt som RIO sin representant i regionalt brukarutval (RBU). Grunna sjukemelding har Anders Sundbotten ikkje deltatt på RBU sine møter i 2017 og vara-representanten Rami Knudsen har heller ikkje hatt moglegheit for å delta.

RIO har foreslått eit nytt medlem, Karl Olaf Sundfør, til å representere RIO i det regionale brukarutvala i Helse Vest. Karl Olaf Sundfør deltok på RBU-møte 27. mars og er motivert til å tre inn som fast medlem i regionalt brukarutval i Helse Vest.

Karl Olaf Sundfør har lang fartstid som brukarrepresentant og har tidligare deltatt i arbeidsgrupper for Helsedirektoratet og Betanien sjukehus i Bergen.

Han er heimehøyrande i Sauda, Rogaland.

Konklusjon

Karl Olaf Sundfør blir foreslått som nytt medlem av regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2017-2019.